

HOVUDUTSKRIFT

FOR

SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

REPRESENTANTSKAPSMØTE (SSR, Saunesmarka)

Møtedato: 12. mai 2022

Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.30

Som medlemmer møtte:

Herøy: Bjørn Prytz, Tanja Rafteseth, Tor-Sindre Steinsvik, Karl-Oskar Sævik

Ulstein: Knut Erik Engh, Berit Overvåg Hjorth, Oddvar Gjerde

Hareid: Bernt Brandal

Sande: Olav Myklebust, Anne-Marte Skarmyr Beitveit

Følgende medlemmer møtte ikkje:

Herøy: Tanja Rafteseth

Ulstein:

Hareid: Kjetil Nasset

Sande:

Som varamedlemmer møtte: Hallvard Sæverud (Hareid)

Frå styret møtte: George Fulford, Kjartan Grimstad, Arnljot Muren, Bjarte Uglum, Margareth Leinebø, Camilla Storøy

Frå administrasjonen møtte: Arnstein Myklebust

Andre: Einar Giljarhus Løkke (revisor BDO)

Saker som vart handsama: Sakene R01/22 – R08/22

Vedtakssaker:

SAK NR R01/22

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr.:

Innkallinga og saklista vart godkjend.

SAK NR R02/22

VAL AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)

To representantar skal skrive under møteprotokollen saman med leiar (og dagleg leiar).

Vedtak, samr.:

Berit Overvåg Hjorth og Bjørn Prytz skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh og dagleg leiar.

SAK NR R03/22

GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2021, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV UNDERSKOT / OVERSKOT

Styrets leiar gikk gjennom årsregnskapet.

Rekneskapet for 2021 viser eit resultat som er betre enn budsjett.

Avviket fra budsjettert resultat kjem i hovudsak av auka markedsprisar på papp/papir og metall, som har gitt auka inntekter.

Det er i rekneskapen for 2021 gjort avsetning på 2,5 mill til sikring av deponiet i Fløstranda
Styret vurderer at selskapets økonomiske og finansielle stilling er tilfredsstillande, og meiner at årsrekneskapet gir eit rettvisande bilde av selskapets eigarar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Revisor kommenterte revisjonsberetninga.

Vedtak, samr.:

Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2021, revisor si beretning og handsaming av underskot / overskot.

SAK NR R04/22

GODKJENNING AV EIGARMELDING 2021

Eigarmeldinga rapporterer måloppnåelse i henhold til gjeldande eigarstrategi og selskapsstrategi, og gir informasjon om planlagde endringar i tenestetilbodet, samt vesentlege endringar i kostnadsnivået for selskapet.

Kostnadsutviklinga har vore gunstig, og renovasjonsgebyra for 2021 er ikkje auka.

Vedtak, samr.:

Representantskapet tar SSR si eigarmelding for 2021 til vitande, og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunane for handsaming i kommunestyra.

SAK NR R05/22

VAL AV REVISOR OG GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR ETTER REKNING

Det er i 2021 kostnadsført kr 113.624 (ekskl. mva.) for lovpålagd revisjon, utarbeiding av årsoppgjeret og utarbeiding av likningspapira. For andre tenester utanfor revisjonen er det fakturert kr 113.950. Andre tenester gjeld hovudsakleg arbeid med selskapskontrollen, vurderingar Fløstranda, deltaking i diverse møter og anna rekneskapsmessig bistand. Av desse er vurderingar Fløstranda den største posten.

I april 2022 vart det gjennomført ein ny anbuds konkurranse på revisortenester for SSR. Sidan ein vil vere godt under terskelgrensene over 4 år for å legge anbodet ut på Doffin, vart prosessen gjennomført som ein enkel konkurranse, der 5 kjende aktørar vart bedne om å gi tilbod. Vi fekk inn to tilbod – frå BDO AS og KPMG.

SSR har etter ein gjennomgang av dei innkomne tilboda, kome med ei tilråding ut i frå gjeldande regelverk og konkurransegrunnlaget

BDO AS som vart vurdert til å kome med det beste tilbodet.

Oddvar Gjerde etterspurte tilbod fra kommunerevisjonen. Dagleg leiar orienterte om at dei var forespurde i anbudsprosessen, men berre BDO AS og KPMG hadde levert inn tilbod.

Oddvar Gjerde fremma skriftleg forslag om at Søre Sunnmøre Kommunerevisjon skulle veljast: «*Representantskapet vedtek at Søre Sunnmøre kommunerevisjon vert vald som revisor for SSR for åra 2022, 2023, 2024 og 2025*»

Kostnadane for revisjon og særlig høge kostnader i 2021 for tilleggstenester blei diskutert.

Det vart votert over begge framlegga:

- Styret si innstilling
- Framlegg fra Oddvar Gjerde

Forslaget fra Oddvar Gjerde fekk 1 røyst, og innstillinga fra styret vart vedtatt.

Vedtak.:

1. Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2021, med kr 113.624 (ekskl. mva.) for ordinære revisjonstenester og kr 113.950 (ekskl.

mva.) for andre tenester. Oddvar Gjerde stemte imot.

2. Representantskapet godkjenner at BDO AS blir vald som revisor for SSR for avtaleperioden 2022, 2023, 2024 og 2025 (velgast for eit år av gongen).
Oddvar Gjerde stemte imot,

SAK NR R06/22

STYREVAL OG FASTSETTING AV STYREGODTGJERSLE

Valkomitéen fremla sin innstilling.

Tradisjonelt gjer representantskapet vedtak om å auke styresatsane omtrent i takt med kommunal deflator. I 2021 vart styresatsane auka med 2,7 %. Pris- og lønnsveksten i kommunesektoren i 2022 (kommunal deflator) er anslått til 2,5 %. Frontfagoppgjeret denne våren enda på 3,7 %.

Vedtak, samr.:

Som styrets medlemmer ble valgt

- George Fulford , vald for 1 år
- Camilla Storøy , vald for 2 år
- Margareth Leinebø , vald for 2 år
- Arnljot Muren , vald for 2 år
- Anne Holstad , ikkje på val, på val i 2023
- Kjartan Grimstad , vald for 2 år
- Bjarte Uglum (tilsette sin representant i styret, vald for 2 år)

Styrehonorar for medlemmar i SSR sitt styre 2022

Styreleiar	kr 88.000 pr år
Nestleiar	kr 66.000 pr år (75% av styreleiar)
Styremedlem	kr 44.000 pr år (50% av styreleiar)
Tilsettevald	kr 13.200 pr år (15% av styreleiar)

Styrerepresentantane vert trekt 6% av det faste honoraret for kvart møte ein ikkje møter.

Det vert ikkje gjeve kompensasjon for tapt arbeidsforteneste for styrets medlemmer.

SAK NR R07/22

SÆRSKILD KLAGENEMND; SLAMFORESKRIFT

Sjå eige vedlegg til saka.

Vedtak, samr.:

Representantskapet ber kommunene gjere fyljande vedtak vedrørande føresegnene for slamtømming i kommunene:

Klager i forbindelse med slamordninga blir behandla av SSR sin administrasjon. Særskild klagenemnd er klageinstans.

Representantskapet ber administrasjonen i SSR om å førebu eit felles framlegg og oversende til kommunene.

ORIENTERINGSSAK - SAK NR R08/22

ORIENTERINGAR VED STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR

Generell orientering om diverse saker, der det ikkje vart gjort vedtak. Det vart orientert om følgjande:

- Kort orientering om økonomisk status så langt i 2022
- Status for arbeidet med sikring av deponiet i Fløstranda
- Andre løpende saker i selskapets virksomhet

Neste møte i representantskapet blir 27 oktober 2022 kl 10:00.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 12. mai 2022

(sign.)

Knut Erik Engh
representantskapsleiar

(sign.)

Berit Overvåg Hjorth

(sign.)

Bjørn Prytz

(sign.)

Arnstein Myklebust
Dagleg leiar

(Protokollen vert godkjent elektronisk)